



Sven Ove Mellingen  
SLETTEVEGEN 772B  
5939 SLETTA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/6952 - 23/19200

Saksbehandlar:  
Roger Fanavoll Fjellsbø  
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.  
no

Dato:  
09.03.2023

## Du må kople deg til kommunal avløpsledning - pålegg om tilkopling og vedtak om tvangsmulkt - GBNR 498/31 Mellingen

**Administrativt vedtak:** Saknr: 20/6952  
**Tiltak:** Pålegg om tilkopling  
**Byggjestad:** Gbnr: 498/31  
**Tiltakshavar:** Sven Ove Mellingen

### VEDTAK

Alver kommune gjev gbnr. 498/31 pålegg om tilkopling til det kommunale avløpsanlegget, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2. Tilkopling må skje innan 30.06.2023.

Med heimel i plan- og bygningslova § 32-5 vert det fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt, i form av ei eingongsmulkt på kr.15 000,- og ei dagmulkt på kr. 200,- pr. dag dersom tilkopling ikkje vert gjort innan 30.06.2023. Tvangsmulkt vil gjelde frå 01.07.2023

### Saksutgreiing:

Alver kommune mottok den 10.03.2020 melding frå Norva24 om at det ved tømning den 03.03.2020 vart registrert lågt nivå og mogleg lekkasje i slamavskiljaren på eigedomen din.

Vi viser til førehandsvarsel med krav om tilknytning til kommunalt vass- og avlaupsanlegg, datert 11.02.2021, med frist for tilbakemelding innan 04.03.2021. Du har fått 2 utsetjingar i saka. Siste frist for tilkopling til den kommunale avløpsleidinga vart sett til 01.07.22.

### Grunngjeving for pålegg om påkopling og ilegging av tvangsmulkt

Det følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 27-1 tredje ledd, jf. andre ledd, at kommunen kan krevje at bygning som ligg på ein eigedom skal knytast til ei offentleg vassledning («når offentlig vannledning går over eiendommen eller i veg som støter til den, eller over nærliggende areal.») Det same gjeld for offentleg avlaupsledning, jf. pbl § 27-2.

Kommunestyret i Alver har i vedtak datert 06.05.21 fastsett følgende retningslinjer for tilknytning til offentlig vass- og avløpsnett etter §§ 27-1 og 27-2 i plan- og bygningslova:

1. Dersom kostnaden med tilkopling til både kommunalt vatn og avlaupsanlegg er større enn 2,5 G kan kommunen vurdere å godkjenne ei anna ordning.
2. Dersom kostnaden med tilkopling til berre kommunalt vatn eller berre kommunalt avløpsanlegg er større enn 2 G kan kommunen vurdere å godkjenne ei anna ordning.
3. Dersom det nyleg er gjort store investeringar i eksisterande private anlegg og desse anlegga fungerer tilfredsstillande, kan krav om tilknytning til offentlig anlegg utsettast med inntil 15 år.
4. Summane i punkt 1 og 2 er rettleiande og gjeld for bustader.

Avstanden frå ditt avløpsanlegg til den kommunale leidningen er på ca 20 meter. Alver kommune legg til grunn at kostnaden for tilkopling ikkje vil overskride 2G.

Det ligg føre godkjent rørleggjarmelding datert 24.06.22 i saka.

På bakgrunn av det ovannemnde vert du pålagt tilkopling til det kommunale anlegget.

### **Korleis kan du unngå tvangsmulkt?**

Koplar du avløpet ditt til det kommunale avløpet **innan 30.06.23** unngår du tvangsmulkt. Du må få eit godkjent rørleggjarføretak til å utføre tilkoplinga.

### **Andre forhold**

Arbeidet kan være søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 20-1. Du må kontakte byggesaksavdelinga i kommunen for å få klarlagt om tiltaket er søknadspliktig.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl § 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Aktuelt regelverk:**

- Tilknytingsplikta følgjer av pbl. §§ 27-1 og 27-2.
- Vår rett til å gje pålegg følgjer av plan- og bygningslova § 32-3 fyrste ledd.
- Vår rett til å vedta tvangsmulkt følgjer av plan- og bygningslova § 32-5.
- Vi har rett til å tinglyse pålegget etter plan- og bygningslova § 32-3 fjerde ledd.
- Vi kan gje førelegg etter plan- og bygningslova § 32-6.
- Vi kan gje lovbrotsgebyr etter plan- og bygningslova § 32-8 fyrste ledd.
- Vi kan politianmelde forholdet etter plan- og bygningslova § 32-9.
- Krav til førehandsvarsling av pålegg følgjer av forvaltningslova § 16.
- Din rett til å klage på vedtaket følgjer av forvaltningslova § 28.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/6952

Med venleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Sven Ove Mellingen

SLETTEVEGEN 772B

5939

SLETTA

**Mottakarar:**

Sven Ove Mellingen

SLETTEVEGEN 772B

5939

SLETTA